

Handlingsplan ved «Vald i nære relasjonar»

1. Bakgrunn og formål med planen.

Vald i nære relasjonar har mange uttrykk og omfattar fysiske, psykiske, seksuelle og materielle overgrep mot ein person som valdsutøvaren har ein nære relasjon til. Det kan også gjelda truslar om vald, sosial vald med isolasjon, avgrensingar av kontaktar, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Vald i nære relasjonar er eit skjult samfunnssproblem. Det er i hovudsak kvinner og barn som vert ramma av denne valden, men også menn.

Å verta utsett for vald frå ein nærståande person kjem i tillegg til sjølve valden. Det rokkar med den omsorga og vernet som burde vera frå dei personane som står nært barnet/ungdommen.

Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar, uavhengig av kven som utøver valden og kor den finn stad.

Likevel er mykje av denne kriminaliteten usynleg. Det er framleis mange som ikkje søker politi eller hjelpeapparat, når dei vert utsette for vald.

Denne handlingsplanen mot «Vald i nære relasjonar» på Tryggheim ungdomsskule, skal vera med å setja sokelyset på denne problematikken. Elevar, foreldre og tilsette på Tryggheim ungdomsskule skal ha ei forståing for at vald kan skje i nærområdet og med barn og familiar dei kjenner. Vald skjer i alle samfunnslag, uansett økonomisk og religiøs bakgrunn.

For barnet sitt beste - må vi våga å tenka det verste!

2. Konsekvensar av vald i nære relasjonar.

Konsekvensar av vald i nære relasjonar kan vera omfattande. For mange barn er det som å leva i ei krigssone, berre at denne krigen føregår i det skjulte. Det vanlege livet vert ikkje avbrote, og valden vert det sjeldan snakka om.

Traumar, angst, uro og uvisse pregar barna sin kvardag.

Studiar viser at seksuelle overgrep, fysisk mishandling og omsorgssvikt har meir å seia for psykisk helse enn andre belastande hendingar.

Symptom hos barn kan vera: konsentrasjonsvanskar, aggressjon, angst, depresjon, låg sjølvkjensle, skuldkjensle, manglende sosiale ferdigheter, skulevegring, rusproblem og psykiske vanskår.

3. Omfang av vald i nære relasjonar.

Omfanget av vald i nære relasjonar er vanskeleg å fastslå. Definisjonen og forståinga av vald i nære relasjonar endrar seg over tid og mørketala er store. Basert på omfangsundersøkingar som er gjennomført dei siste åra, vurderer ein det til at mellom 75 000 og 150 000 personar årleg vert utsett for vald i nære relasjonar i Norge. (Justis- og beredskapsdepartementet: *Handlingsplan*

mot vold i nære relasjoner 2014- 2017).

På Jæren (Klepp, Time og Hå) er det i gjennomsnitt 75 familievaldssaker pr. år. .

4. Betre føre var. Førebygging.

God førebygging sparer samfunnet for store menneskelege og økonomiske kostnader og er ei investering for framtida.

Erfaring viser likevel at førebygging ikkje vert prioritert i tilstrekkeleg grad.

Tryggheim ungdomsskule vil med denne planen vektleggja det førebyggande arbeidet mot «Vald i nære relasjoner».

Førebygging kan skje på mange ulike måtar, og vinklinga inn mot målgrupper kan variera.

Det er vanleg å dela det førebyggande arbeidet inn i tre nivå:

- I. Primærforebygging som er retta mot alle innbyggjarane. I denne planen gjeld det førebyggjande innsats retta mot alle unge på Tryggheim ungdomsskule.
- II. Sekundærforebygging som er retta mot avgrensa risikogrupper. I denne planen gjeld det innsats retta mot unge der det er mistanke om vald eller overgrep.
- III. Tertiærforebygging er retta mot grupper der ein allereie har utvikla eit problem. Desse barna er blitt utsette for vald eller overgrep, og siktet målet er å avgrensa konsekvensar, hindra forverring og snu utviklinga.

5. Mål og tiltak på Tryggheim ungdomsskule.

5.1. FØREBYGGING mot at ingen barn og unge vert utsett for vald og overgrep (primærforebygging).	
TILTAK	ANSVAR
1. <p>Bruka handlingsplanen for å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Synleggjera problematikken/bryta tabu/gje kunnskap. • Gje årleg informasjon til alle tilsette på skulen om opplysningsplikta til barnevernstenestad (Oppl.ova § 24-3 og Helsepersonell-lova §33) • Ta dette opp som fast tema ein gong pr. år i ressursteamet på skulen. 	Sosiallærarane Leiar
2. <p>Informasjon om handlingsplanen overfor personalet. (Er på 4 års oversikten)</p>	Leiar

**5.2. OPPDAGA OG MELDA FRA
ved mistanke om at unge vert utsette for vald eller overgrep
(sekundærforebygging).**

TILTAK	ANSVAR
<p>1.</p> <p>Tilsette skal vita kva dei skal gjera ved mistanke, eller når dei får direkte kjennskap til vald eller overgrep mot unge. Dei skal ha kjennskap til lovverket; Opplæringslova §24-3 og Helsepersonell-lova §33, som bl.a. seier:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når tilsette ut frå fagleg skjønn og kjennskap (logg/dokumentasjon) har «grunn til å tru» at ein ungdom vert utsett for vald eller overgrep, skal dei utan hinder av teieplikta gje opplysningane vidare til barnevernstenesta. • Foreldra skal ikkje informerast. Det er barnevernstenesta som vurderer når og på kva måte foreldra skal informerast på. • Kvar enkelt tilsett har eit sjølvstendig ansvar og plikt til å melda frå til barnevernstenesta. (Opplæringslova §24-3 og Helsepersonell-lova §33). • Det vil i dei fleste tilfella vera skuleleiar som melder frå til barnevernstenestas. Men kvar enkelt tilsett er altså ikkje avhengig av leiar sin vilje til å melda frå dersom det er «grunn til å tru» at eit barn vert utsett for vald eller overgrep. • Helsepersonell har plikt til å varsle politiet i dei tilfella der ein må forhindra ytterlegare alvorlege skadar på personen. • Dersom dei tilsette er i tvil om bekymringa er så alvorleg at ho skal meldast til barnevernstenesta, kan ein ta kontakt og diskutera problemstillinga anonymt med barnevernstenesta. 	Alle tilsette som arbeider ved Tryggheim ungdomsskule

6. AKTUELLE HJELPE- OG BEHANDLINGSTILBOD

Familiesenteret i Hå:

Familiesenteret er eit gratis lågterskeltilbod. Ein treng ikkje tilvising frå lege. Familiesenteret tilbyr samtalar til barn og unge opp til 20 år og deira familiær. Tenesta ynskjer å arbeida førebyggjande og helsefremjande i sitt møte med barn og unge si psykiske helse , slik at denne vert betre. Jadarvegen 25, Nærbø. 415 32 796 (kontaktinfo oppdatert 12.12.24).

Krisesenteret i Stavanger:

www.stavanger_krisesenter.no

Krisesenteret arbeider for å beskytta , støtta og rettleia valdsutsette kvinner og barna deira. Krisesenteret har ope heile døgnet.

Tlf. 51 53 06 23 (kontaktinfo oppdatert 12.12.24)

Voldtektsmottaket: Døgnope tilbod for unge og vaksne i Sør-Rogaland som er utsett for seksuelt overgrep. Også dersom overgrepet har skjedd ei tid tilbake i tid. Tlf. 902 40200 eller 116117 (Stavanger legevakt) (kontaktinfo oppdatert 12.12.24).

Barnehuset i Stavanger:

www.barnehuset.com
Barnehuset har tilbod til barn og unge opp til 18 år og vaksne psykisk utviklingshemma, som har vorte utsett for vald og seksuelle overgrep.

Målet er å gje betre tilbod til barna ved at medisinske undersøkingar, dommaravhør og behandling vert tilbode samla.

Ein kan kontakta Barnehuset for å få informasjon, råd og rettleiing i uavklarte saker om seksuelle overgrep og vald. Dette gjeld også for saker som ikkje er meldt til politiet.

Tlf: 51 84 30 00 (kontaktinfo oppdatert 12.12.24).

Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP):

www.helse-stavanger.no

Sjå her ulike tilbod for barn og familiær. Det er krav om tilvising frå lege eller barnevernstenesta.

<p>Familievernkontoret i Stavanger og Egersund: www.fam.-vern-stvg.no. Tilbod om samtalar/terapi/familierådgjeving. Alle kan ta direkte kontakt og bestilla time.</p> <p>Konfliktråd: www.konfliktraadet.no Meklarteneste der føremålet er å løysa konfliktar mellom private partar eller mellom individ og samfunn. Tilbod til alle kommunar.</p> <p>Ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS) http://vest.rvts.no Tilsette kan ta kontakt for drøfting og rettleiing.</p> <p>Sinnemestring for menn: www.fam-vern-stvg.no Stavanger Universitet sjukehus, Psykiatrisk klinikk har gruppetilbod til menn med volds- og aggressjonsproblem i nære relasjonar (i parforhold, familie eller jobb).</p> <p>Alternativ til vold i Stavanger www.atv-stiftelsen.no</p>	
---	--